

# **Skuleregler**

## **Tillegg for Selbjørn skule**

Ordensreglementet for grunnskulen er felles for skulane i Austevoll, og har vore gjeldande frå 01.10.2024. Reglementet for Selbjørn skule er eit utfyllande reglement innanfor rammene av det kommunale reglementet. Skulen sine reglar gjeld for skulen og SFO.

### **Trivsel og miljø**

- Vi er høflege mot kvarandre
- Vi helsar på kvarandre
- Vi har fin språkbruk
- Vi hjelper kvarandre
- Vi har alle ansvar for at ingen er åleine (vennebank)
- Småtrinn er på V1 i alle friminutt. Mellomtrinn skal vere på V2 i alle friminutt. I storfriminuttet kan mellomtrinnet gå ned i V1

### **Orden**

- Vi held orden på eigne og skulen sine ting
- Orden i klasserommet
- Klede og sko på knaggar og hyller i garderoben
- Ta med inn ballar, akebrett, spadar etc. etter friminutta
- Ikkje ha på ytterklede i lunsjen eller i timane

### **Oppførsel**

- Ingen skal plage eller erte andre
- Vi passer på oss sjølve og uroar ikkje i timane
- Vi rekk opp handa når vi skal seie noko i timen
- Vi går roleg i gangane
- Ingen bruker heis unødvendig
- Vi held skulereglane og klassereglane
- Vi seier stopp eller seier ifrå til ein vaksen når det er noko vi ikkje likar
- Vi respekterer stoppregelen
- Ballspel skal gå føre seg på dei plassane som er sett av til slike aktivitetar
- Mobiltelefon skal ligge i mobilhotell frå skulestart til slutt
- Mobilklokke/Apple-watch skal heller ikkje brukast i skuletida, med unntak av klokkefunksjon

### **Tryggleik og helse**

- Vi er ein godterifri skule med vekt på sunn mat
- Ved svært dårleg vêr kan vi vere inne i friminutta etter avtale på kvart trinn
- Når du er inne, skal du vera i dei områda du får tilvist, og følgje reglar for god åtferd
- Snøballkasting berre på blink eller i avtalt område
- Vi skal vere på skulen sitt område i skuletida
- Vi følgjer reglar for skuleområdet
- Det er ikkje lov å røyke, snuse eller bruke andre rusmiddel på skulen sitt område

## **Tiltak ved regelbrot**

- Tilsnakk
- Elevsamtale mellom elev-kontaktlærer
- Samtale med rektor
- Ved alvorlege eller gjentagne brot på skulereglane tek kontaktlærer kontakt med heimen
- Møte heim – skule

Generelle tiltak ved brot på ordensreglementet står i det kommunale reglementet § 9-10